



Frå årets samling.

Sist fredag reiste 5 uskedalsungdommar til Geilo for å delta på Trude Dybendahl Sommerskiskole. Samlinga varer fram til onsdag, og i løpet av den knappe veka får nok dei 5 lovande langrensløparane/idrettsungdommane mykje god inspirasjon til treninga framfor ein ny sesong.

Mange hugsar nok godt Trude Dybendahl som ei av dei gode norske langrennsdamene som dominerte i skisporet for nokre år sidan. Frå OL i Calgary i 1988 til VM i Trondheim i 1997 sikra ho seg 3 OL-medaljar og heile 6 VM-medaljar. No brukar ho kompetansen sin til å trene lovande langrennsungdommar.

Denne veka er altså 100 ungdommar i alderen 11 til 17 år samla til sommartrening på Geilo, og blant dei er Viljar Simmonnes Tveit, Johannes Haugland, Tord Sæle og systrene Solveig og Veslemøy Haugland. Dei bur i flotte hytter i Bardøla Hyttegrend, og dei et alle måltid på Bardøla Høyfjellshotell.



Denne OL-deltakaren kjem til skiskulen. Ser de at det er Tord Asle Gjerdalen?

Dagane er fylt med trening under kjende og kyndige instruktørar. Lesarane får eit visst innblikk i innhaldet i programmet ved å sjå bilde og videoar på denne lenkja: <http://www.trudedybendahlski.no/td-sommerskiskole.270824.no.html>.

I tillegg er nok det sosiale fellesskapet viktig.

De kan følge sommarskiskulen på Facebook. Det er berre å skrive Trude Dybendahl Sommerskiskole i søkjefeltet.



Vi er heilt sikker på at det er både inspirasjon og gode treningtips å henta for dei talentfulle ungdommane. Ein spennande start på sommarferien!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Trude Dybendahl Sommerskiskole.